



Statens vegvesen

Referat

Dato: 29.09.2016
Tid: 12.30–15
Referent: Kaisa Tonheim Banne

Saksbehandler/telefon:
<Saksbehandlersnavn / tlf>
Vår dato: 03.10.2016
Vår referanse:

Møte i styringsgruppa for Kvammapakken 29. september 2016

Møte nr: 3/2016
Sted: Norheimsund
Møteleder: John Martin Jakobsen
Til stede: John–Martin Jakobsen, Bente Utne, Matti Torgersen, Jostein Ljones, Arild Mccellan Steine, Aleksander Fosse Andersen, Oddvar Brakestad, Carl–Erik Nielsen, Gunnar Erstad, Kaisa Tonheim Banne
Forfall: Olav Finne, Håkon Rasmussen, Rolf Harkestad
Kopi: Fyll inn.

| | Ansvar / frist |
|--------------------------------------|----------------|
| 1. Innkalling godkjent | |
| 2. Referat frå sist møte vart utsett | |
| 3. Revisjon av Kvammapakken | |

Kvam herad informerte om arbeidsmøte i heradstyret.

Det er behov for meir informasjon før ein kan vedta samferdselsplanen for Kvam i desember. Hordaland fylkeskommune samen med Helge Hopen lager ei oversikt over prosjekta som kan kome med. Ulike finansieringsmodellar for ulike løysingar for Tokagjelet og Hardangertunnelen må stillast opp mot kvarandre i forhold til realistisk tidshorisont for gjennomføring.

| | Ansvar / frist |
|---|----------------|
| <p>Det er behov for at nokon informerer heradstyret om planar, usikkerheit og tidsperspektivet knytt til realisering av Hordalandsdiagonalen. Kvam herad ordnar dette.</p> <p>4. Framdrift i prosjekt</p> <p>SVV informerte om framdrift i prosjekta. Framdrifta for Nes – Norheimsund er noko forseinka grunna kompliserte grunntilhøve og behov for å finne nye løysingar enn det som var prosjektert</p> <p>Konkurransgrunnlaget for siste delstrekning fram til Rema 1000 er snart klar til utlysing. SVV må utarbeide eit notat som administrasjonen kan nytte som grunnlag når sak om behov for reguleringsendringa på strekninga skal opp i heradstyret 25. oktober.</p> <p>Det vert gjort utrekningar på avsett ramme i pakken før ein lyser ut prosjektet.</p> <p>5. Status kostnader ved SVV(oppdaterte kostnadstal og prognosar)</p> <p>SVV la fram statusnotat for Kvammapakken.</p> <p>Bomselskapet etterlyst prosjektrekneskapet hittil. SVV vil ettersende dette.</p> <p>6. Status bompengainntekter ved Kvam bomselskap</p> <p>Bomselskapet viste til ein svak auke i bompengainntektet hittil i 2016 i høve 2015.</p> <p>7. Kvamskogen GS – enkel løysing ved Kvam herad</p> <p>Kvam ettersender løysing med kart, standard og forslag til drift- og vedlikehaldsregime til avklaring med HFK/Svv.</p> <p>8. Det kom ingen saker til eventuelt</p> | |